



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Sjå vedlagde adressatliste

Dykkar ref.

Vår ref.
18/3391 EO OKL/bj

Dato
04.07.2018

Høyringsnotat – endringar i offentleglova m.m.

Justis- og beredskapsdepartementet sender med dette eit framlegg til endringar i offentleglova og nokre andre regelverk på høyring. Framlegga går ut på å innføre eit generelt høve til unntak frå innsyn for innføringar i elektroniske kalendrar, å lovfeste at Sivilombodsmannen sin rett til informasjon ikkje omfattar regjeringsdokument og enkelte tilknytte dokument og at regjeringsdokument er omfatta av unntaket frå innsyn i offentleglova for organinterne dokument, og å fastsetja ei føresegn i offentleglova § 5 om utsett innsyn for dokument som gjeld saker for EOS-utvalet. Det sistnemnde framlegget følgjer opp vedtak frå Stortinget 13. juni 2017 (vedtak nr. 879).

Høyringsfristen er **3. september 2018**. Vi ber om at høyringsinstansane vurderer om høyringsnotatet bør sendast vidare til underordna organ, tilknytte sjølvstendige rettssubjekt osv. som ikkje står på lista over høyringsinstansar.

Med venleg helsing

Arnulf Tverberg e.f.
avdelingsdirektør

Ole Knut Løstegaard
lovrådgjevar

Dokumentet er godkjent og blir sendt utan signatur